



Kjære pilegrimsven!

Velkommen som medlem i
«Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva»!

I mange år har det vore eit aktivt pilegrimsmiljø knytta til Kinn og Selje. Eldsjeler har lagt ned ein stor innsats for å få i stand pilegrimsvandringar. Det er rydda og merka stiar, og det har vore marknadsført og organisert årlege pilegrimsvandringar frå Kinn til Selje dei siste 7 åra. Sunnivaleia er namnet på pilegrimsleia frå Bergen til Selje. Etappen frå Kinn til Selje er godt innarbeidd, og no arbeider ein for å få tilrettelagt deler av strekninga sør for Kinn.

«**Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva**» vart organisert som ei stifting 30. oktober 2013. I vedtektene heiter det m.a. at fellesskapet skal fremje interesse for og bidra til auka pilegrimsferd langs kysten av Vestlandet. Ein ynskjer å stimulere til kristne fellesvandringar og å legge til rette for frivillig innsats. Fellesskapet vil utfordre menneske til å vere pilegrimar, men ein ynskjer og å ta godt i mot pilegrimar langs leia og utfordre til gjestfridom.

Så langt har arbeidet med Sunnivaleia og dei årlege vandringane vore prioritert framfor medlemsverving. No meiner styret at tida er inne for å prioritere *fellesskapet*. Difor inviterer me til medlemskap i «Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva»!

Så spør du kanskje kva du får att gjennom medlemskapet. Først og fremst vert du med i eit fellesskap der pilegrimstanken er det sentrale. Du vert invitert til å vere med å realisere fellesskapet sine målsetjingar. Du er velkommen til pilegrimsvandring, men du er like velkommen til å vere med å merke stien for andre. Eller du kan vere ein av dei som tek godt i mot pilegrimar i ditt område. Kanskje du vil vere med å styrke pilegrimstanken i kyrkjelyden din og i ditt nærområde.

Gjennom medlemskap i «Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva» vil du få informasjon om arbeidet som skjer på pilegrimsfronten, både her på Vestlandskysten og elles i landet.

Og så inviterer me til medlemsmøte i samband med årsmøte 30.april - 1.mai i Rognaldsvåg. Sjå innkallinga til samlinga, som ligg ved.

Medlemskontingent for medlemskap i «Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva» er kr. 200, og kan betalast til konto: 3705.25.51197. Merk innbetalinga med «Medlemskontingent 2017» og namn. Velkommen som medlem!

Med venleg helsing
Styret i «Pilegrimsfellesskapet Sankta Sunniva»
Astrid Waage
(leiar)